



Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1515 - 16/12083

Saksbehandlar:  
Benjamin Hicks  
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:  
03.05.2016

## Oppfølging av fellesanlegg - Gbnr 137/289 - Mangerbua 2 Alver

Dette skrivet er sendt Seim Bygg AS og Majo Eigedom AS som utbyggerar av Mangerbua 2 og ansvarleg søker i samtlege saker utanom fellesanlegg.

Det vert vist til søknad om ferdigattest på gbnr 137/744 og 746 frå Majo Eigedom AS. Under handsaming av søknadene vart det halde synfaring i området. Etter det vi kunne sjå er ikkje feltet eller fellesområder ferdigstilt. I dette inngår også komunaltekniske anlegg.

Vilkåra for ferdigattest synes ikkje å vere tilstade. Innkomne søknader om ferdigattest kan ikkje handsamast slik stoda er på staden, og kommunen finn at det krev meir tid for å kunne gjennomføre ein tilfredsstillande vurdering for å sikre ein forsvarleg sakshandsaming. Vidare er det opplysningar knytt til innkomne søknader som krev avklaring.

Lindås kommune ynskjer å halde ei synfaring på staden saman med dykk med påfylgjande møte. Vi har sett av **onsdag 18 mai frå kl. 1300** med oppmøte på staden og etterfylgjande møte på rådhuset, møterom aust.

Sakshandsamingsfristen i innsendte søknader vil bli overskride, og ein sett ny frist til den **31.05.2016** for handsaming av desse.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Benjamin Hicks  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Majo Eiendom AS  
Seim Bygg AS

Lindåsvegen 154 5914  
Nesbrekka 28 5912

ISDALSTØ  
SEIM

